

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
092/2015	Formannskapet i Radøy	PS	26.11.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	14/1528	15/13719

### Kunstgrasbane i Hordabø idrettspark - søknad om midlar

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Hordabø IL sökte i 2014 om tilskot frå kommunen på kr 950 000 til bygging av kunstgrasbane på Bø. I søknaden vart det peika på at kapasiteten i hall og på bane på ettermiddagstid var sprengt, og at ny kunstgrasbane var viktig for at idrettslaget skal kunna tilby eit godt aktivitetstilbod i nærmiljøet.

Den stramme økonomiske situasjonen i kommunen gjorde det vanskeleg å gi tilskot til realisering av kunstgrasbane over driftsbudsjettet. I samband med budsjettprosessen for 2015 vart rådmannen beden om å greia ut kva handlingsrom kommunen har til å nytta investeringsmidlar til slikt føremål. I sak 019/2015 vart ulike modellar presentert, og tre av fire modellar forutsette kommunalt eigarskap/medeigarskap i anlegga. Den fjerde modellen opna for at kommunen kan inngå leigeavtale, og at denne må vere basert på eit reelt behov for å nytta anlegget i den kommunale drifta.

Kommunestyret fatta følgjande vedtak i saka:

**KS – vedtak 019/2015:** *Radøy kommune går ikkje inn som medeigar i anlegg for idrett, skyting eller liknande. I den grad det er nødvendig for kommunal drift, kan kommunen inngå leigeavtale med slike anlegg.*

Søknad om tilskot til kunstgrasbana på Bø vart vart lagt fram til politisk handsaming i september 2015 og formannskapet fatta følgjande vedtak:

**FS – vedtak 071/2015:** *Rådmannen vert beden om å gå i drøftingar med Hordabø IL om ein kommunal leigeavtale, og får fullmakt til å inngå avtale gjeldande frå 1.1. 2016. Dersom drøftingar ikkje fører fram om ein leigeavtale, skal saka leggast fram på nytt.*

Administrasjonen har hatt møte med Hordabø IL. I møtet kom det fram at det finansieringsbehovet pr. oktober 2015 er ca kr 650 000, og ikkje kr 950 000, som det opprinneleg var sökt om. Vidare vart det klart at kommunen pr. i dag ikkje nytta idrettsanlegget regelmessig eller i særleg omfang. Skule og barnehage nytta anlegget meir sporadisk, t.d. i samband med idrettsdag eller turar på haust- og vårparten. Hordabø IL er positiv til at kommunen nytta anlegget, og har ikkje tidlegare fakturert kommunen sin aktivitet i idrettsanlegget.

Både skule og barnehage opplyser at dei får dekka sitt behov for anlegg til fysisk aktivitet gjennom gymsal på Hordabø skule og tur i nærområdet, men signaliserer at ein leigeavtale og betre tilgjengeleghet til hallen, kan gi grunnlag for noko meir bruk av idrettsanlegget som heilhet. Hordabø

skule oppgir at den kan vere aktuelt å nytte idrettsanlegget ca 2 gongar pr veke, dersom kommunen legg til rette for dette gjennom ei leigeavtale. Avstand og trafikale forhold avgrensar bruken pr i dag.

Saka har vore til uttale hjå Idrettsrådet, som opprettheld si støtte til søknaden om kommunalt tilskot til kunstgrasbana. Idrettsrådet viser til at anlegget står på prioriteringslista over idrettsanlegg i kommunen.

### **Vurdering**

Kommunestyret sitt vedtak i sak 019/2015 opnar for at kommunen kan inngå leigeavtale i den grad det er nødvendig for kommunal drift. Idrettsanlegget vert pr. i dag nytta sporadisk, og både skule og barnehage får tilfredsstilt driftsbehov gjennom tilgang på gymsalen på Hordabø skule og bruk av nærområdet. Det er rådmannen si vurdering at kommunen per i dag ikkje har behov for å nytte idrettsanlegget i den kommunale drifta.

Både barnehage og skule har signalisert at det kan vere aktuelt å nytte idrettsanlegget noko meir i tida som kjem, dersom det vert inngått ein leigeavtale. Samstundes er avstand og trafikale forhold langs veg viktige årsaker til at anlegget ikkje vert nytta meir. Dersom ein legg til grunn at Hordabø skule likevel vil nytte idrettsanlegget (hall/bane) to timer to gongar pr veke gjennom skuleåret frå og med 2016, vil ein leigeavtale tilsvarende avtalen mellom kommunen og Manger IL i Grønålen, gi ein leigekostnad på ca kr 30 000 pr år.

På den annan side er det rådmannen si vurdering at ein slik leigeavtale ikkje er nødvendig for den kommunale drifta, så lenge både barnehage og skule har tilgang på gymsal ved Hordabø skule. Sett i samanheng med KS-vedtak 019/2015 og kommunen sin stramme økonomiske situasjon, er det derfor vanskeleg for rådmannen å tilrå at det vert inngått ein leigeavtale om bruk av idrettsanlegg ved Hordabø idrettspark. Rådmannen har på dette grunnlaget ikkje gått inn i vidare drøftingar med Hordabø IL om ein evt. leigeavtale.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av ein heilskapleg vurdering av faktisk bruk av idrettsanlegget slik den er i dag, ei vurdering av om framtidig leige av idrettsanlegget i Hordabø idrettspark er nødvendig for kommunal drift og den økonomiske situasjonen kommunen er, har rådmannen kommet til at det ikkje er grunnlag for å gå i vidare drøftingar med Hordabø IL om ein framtidig leigeavtale.

Saka vert i tråd med vedtak 071/2015 sendt attende til formannskapet, og det vert vist til saksutgreiing, vurdering og framlegg til vedtak i saka.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

#### **Formannskapet i Radøy - 092/2015**

##### **FS - handsaming:**

Leiar i Idrettsrådet, Bjørn Ove Myking, framheva likskapsprinsippet ved handsaming av tilsvarende saker. Han ba om at det vert sett på beregningsgrunnlaget for kommunen sin bruk av idrettsanlegget i Grønålen.

Formannskapet ønsker å gje kommunalt bidrag til realisering av Hordabø IL si kunstgrasbane, som

dei har søkt kommunen om midlar til. Kommunen sin økonomi er så trøng at formannskapet ikkje kan gje eit eingongstilskot i den storleiken HIL ber om. Formannskapet går difor inn med ei løyving som gjer det mogleg for laget å ta opp lån for å sikra restfinansieringa.

**Ordføraren sette fram følgjande fellesframlegg:**

Radøy kommune løyver Hordabø Idrettslag kr 40.000,- pr år i 10 år. Dersom andre aktørar eller idrettslaget sjølv fullfinansierer anlegget, fell tilskotet bort frå det tidspunkt. Kommunen vil bidra aktivt til å søkja finansiering frå andre aktørar.

Kommunestyret stiller seg positiv til ein evt. søknad om kommunal garanti for lån.

Kommunestyret bed rádmannen inngå avtale med HIL. Avtalen bør opna for at skule, barnehage og kommunen kan bruka anlegget på grunnlag av avtalen.

Formannskapet vedtok samråystes felles framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**

Radøy kommune løyver Hordabø Idrettslag kr 40.000,- pr år i 10 år. Dersom andre aktørar eller idrettslaget sjølv fullfinansierer anlegget, fell tilskotet bort frå det tidspunkt. Kommunen vil bidra aktivt til å søkja finansiering frå andre aktørar.

Kommunestyret stiller seg positiv til ein evt. søknad om kommunal garanti for lån.

Kommunestyret bed rádmannen inngå avtale med HIL. Avtalen bør opna for at skule, barnehage og kommunen kan bruka anlegget på grunnlag av avtalen.

**Vedlegg:**

Søknad om støtte til kunstgrasbane - Hordabø idrettspark (L)(65136)

Tilskot til idrettsanlegg (L)(47515)

Idrettsrådet\_styremøte 16 11 20\_uttale